



Arkivnr: 2015/203-9
Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Fornyng av sertifikatlån 441 mill. kr

Samandrag

Eit sertifikatlån på 441 mill. kr skal fornyast den 10. mars. Fylkesrådmannen går inn for å refinansiere med eit 12-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av DNB Markets.

Vedtak

I medhald av Reglement for finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune gjer fylkesrådmannen slikt vedtak:

Lån på 441 mill. kr vert refinanseirt med eit 12-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av DNB Markets.
Renta er 1,324 % fram til 10.03.2016.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Johnny Ernst Stiansen
fylkesdirektør økonomi

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 05.03.2015

Eit sertifikatlån på 441 mill. kr har forfall 10. mars. Renta har vore 1,773 % siste 12 månader.

Fylkeskommunen har bunde renta på 58,6 % av låneporteføljen. Dermed er det ikkje rom for å binde meir innanfor grensene som er fastsett i finansreglementet.

Den seinare tida har det vore forventningar om ytterlegare fall i rentenivået. Dette har resultert i at ein kan få tilbod om lågare rente på eit 12-månaders lån enn på eit 3-månaders lån. Sidan fylkeskommunen har langsiktige lånebehov, er det ein fordel å låne i 12 månader framfor å rullere lånet t.d. kvar 3. månad. Når ein i tillegg kan få ei rente som ligg godt under det ein har budsjettert med, er ikkje fylkesrådmannen i tvil om at ein bør ta opp eit 12-månaders sertifikatlån denne gongen.

Bergen Capital Management har gjennomført anbodsrunder for fylkeskommunen. Det har kome inn følgjande tilbod den 05.03.2015:

DNB Markets	1,324 %
Nordea Markets	1,350 %
Swedbank	1,400 %

Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå DNB Markets.